

Vår referanse	2021/55598-3
Dato	06.12.2021
Sakshandsamar	Trond Wahl
Telefon	40916223
E-post	Trond.olav.wahl@vlfk.no

Masfjorden kommune

Engesund Fiskeoppdrett AS - søknad om anleggsendring ved Leirvika 13699- Masfjorden kommune

Vestland fylkeskommune send med dette kopi av søknad motteke 23.11.2021 frå Engesund Fiskeoppdrett AS om endring av anleggkonfigurasjonen på lokalitet Leirvika i Masfjorden kommune.

Dagens anlegg består av ein 100x300 m ramme med plass til tre flytekragar. Anlegget vert godkjent for 4 merdar 15.03.2019 og for 120 DA tare 29.11.2016.
Det er klarert eit tareanlegg ved sidan av lakseanlegget, og det vert søkt utviding av tareanlegget til eit totalt areal på 370 DA
Det vert og søkt om å utvide lakseanlegget til 5 merdar, slik at ein har moglegheit til å ha mindre, og einskilde grupper ved forsøk i anlegget. Det vert ikkje søkt om endring i produksjonskapasitet.



Figur syner eksisterande og omsøkt anlegg i høve Masfjorden sin arealplan.

Austfjorden har relativt høgt lusetrykk. For å kunne avluse effektivt med minimal belastning for fisken vil det vere hensiktsmessig å gå ned på tal/tonnasje pr merd. Engesund erfarer at det kan vere bra for tilvekst og fiskehelse å gå ned på tal fisk pr merd.

Det vert utarbeida nye pkt. for MOM-C undersøkingar.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Såkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta.

Dersom berørte parter meiner at tiltaket kan få vesentlege verknader, og disse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter utlysning.

Vestland fylkeskommune ber om at Masfjorden kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søker.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Med helsing

Trond Olav Wahl
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift